



Sjosio Villsau & Ved Frode Hovden
Sjosidevegen 164
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2532 - 21/19827

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
22.03.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 191/1 Sletten

Administrativt vedtak: Saknr: 373/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.03.2026 for Gbnr 191/1 , då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Sjosio Villsau & Ved Frode Hovden har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 191/1. Drifta er 5 vinterfora sauer. Føretaket eig 7.8 daa overflatedyrka mark. Søkjeren leiger 14.5 daa overflatedyrka mark og 5 daa innmarksbeite. Driftsformen er utgangardrift. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året. Føretaket kjøper inn 200 kg fullgjødsel 22-3-10.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på overflatedyrka					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
200	22-3-10	5	Overflatedyrka mark	40	8.8	1.2	4

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum .
GDE vinterfora sau/ geit = 0.7

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmodar føretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet i jorda. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/2532»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sjosio Villsau & Ved Frode Hovden

Sjosidevegen 164

5914

ISDALSTØ